



GLOPPEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	15.09.2015	103/15

Avgjerd av: Formannskapet Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 232	Arkivsaknr.: 11/50-12
---	-----------------------	--------------------------

Endring i reglane om eigedomsskatt på verk og bruk - høyringsuttale frå Gloppe kommune

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Finansdepartementet har sendt på høyring eit framlegg om å endre reglane for eigedomsskatt på arbeidsmaskinar m.m. i verk og bruk. Departementet legg fram to alternative framlegg:

- Alt 1 – produksjonsutstyr og -installasjoner blir friteke for eigedomsskatt
- Alt 2 – verk og bruk går ut som eigen kategori for eigedomsskatt, og slike eigedomar blir behandla som vanleg næringseigedom.

Høyringsfristen er 18. september i år. Både Kommunenes Sentralforbund (KS) og Landssamanslutning av vasskraftkommunar (LVK) oppmodar medlemskommunane om å sende inn høyring på framlegget.

Saksutgreiing:

Finansdepartementet skriv at bakrunnen for framlegget er ei oppfølging av Sundvolden-erklæringa, der regjeringa uttrykte ønskje om å fjerne eigedomsskatten på maskinar. Departementet meiner at dagens reglar er skjønnsbaserte og ikkje påreknelege.

Endringane har ikkje noko å seie for fastsettinga av eigedomsskattegrunnlaget for vasskraftanlegg, seier departementet.

Både LVK og KS har sendt inn omfattande høyringsfråsegner. Begge ber regjeringa avvise framlegget. LVK og KS er ikkje samde med departementet om kor stort skattetapet for kommunane vil bli. LVK og KS meiner tapet vil bli mellom 1,7 og 2,0 milliardar, medan departementet seier om lag 1,2 milliardar. «Partane» er heller ikkje samde om den skatteauken staten vil få som følgje av dei føreslegne endringane.

LVK skriv m.a. dette i sin uttale:

Eiendomsskatt er både prinsipielt og økonomisk en viktig inntektskilde for LVKs medlemskommuner.

Departementet fremsetter i høringsnotatet to alternative forslag som begge går ut på å unnta hva departementet omtaler som «produksjonsutstyr og -installasjoner» fra eiendomsskattegrunnlaget til verk og bruk. Ved alternativ 2 foreslås i tillegg at «verk og bruk» fjernes som egen utskrivningskategori. Departementets uttalte målsetning er

at eiendomsskatten skal begrenses til beskatning av bygning med tilbehør som tjener denne og tilhørende tomt.

LVK vil understreke at begge alternativene i realiteten innebærer en avvikling av eiendomsskatt på verk og bruk.

Departementet har anslått et inntektsbortfall for kommunesektoren samlet til om lag 1,2 milliarder kroner. Tall fra KS viser at inntektsbortfallet vil være høyere, og er anslått til 1,7 milliarder kroner. Dette anslaget samsvarer med de opplysninger LVK har mottatt fra sine medlemskommuner. LVK antar at det samlede inntektsbortfallet dersom endringsforslagene blir vedtatt, vil utgjøre i størrelsesorden 1,5 – 2 milliarder kroner årlig. Departementet har anslått at staten vil få en økt selskapsskatt med om lag 300 millioner kroner. Departementet har i høringsnotatet oversett at staten også vil få en økning i særskatten på petroleumsanlegg

Det er LVKs syn at departementet grovt har undervurdert de økte skatteinntekter på statens hånd, dels ved at selskapsskatten trolig vil øke med om lag 500 millioner kroner og dels ved at den økte særskatten på petroleumsanleggene helt er oversett. Den samlede inntektsøkningen for staten vil trolig være i størrelsesorden fra 800 millioner til 1 milliard kroner årlig.

Blant de foretak som vil nyte godt av forslagene vil være statsforetakene Statnett, Statkraft og Statoil. Ved siden av statens økte skatteinntekter vil staten som eier øke sine overskudd ved avviklingen av eiendomsskatten. LVK kan ikke se at slike økonomiske konsekvenser overhodet er kommentert i høringsnotatet.

LVK mener forslaget går vesentlig lengre enn Regjeringens varslede endringer i Sundvolden-erklæringen, hvor det er uttalt at Regjeringen vil frita «*fastmonerte, ikke-integrerte maskiner i industrianlegg (ikke kraftanlegg)*». I høringsnotatet er foreslått å frita *alle* maskiner fra eiendomsskatt.

En avvikling av eiendomsskatt på verk og bruk undergraver den kommunale beskatningsretten og innebærer en svekkelse av det lokale selvstyret. LVK kan ikke se at disse forslagene samsvarer med det syn på det lokale selvstyret og den lokale beskatningsretten Regjeringen i andre sammenhenger har gitt uttrykk for.

Det er fast praksis i konsesjonssaker for store kraftledninger, vindkraftverk og større industrianlegg å tillegge de økonomiske konsekvenser for berørte lokalsamfunn vekt. Eiendomsskatt på slike anlegg blir av konsesjonsmyndigheten rutinemessig fremhevret som en positiv virkning av den omsøkte utbyggingen. Mange kommuner har gitt sin tilslutning til utbyggingsplaner i tillit til forventede eiendomsskattelinntekter. En avvikling av eiendomsskatt på verk og bruk vil for disse kommunene fremstår som et løftebrudd i strid med den samfunnskontrakten som er inngått mellom stat og kommune.

Departementet har begrunnet sine forslag blant annet med at eiendomsskatt på arbeidsmaskiner innebærer et avvik fra eiendomsskattelordningen. Det er LVKs syn at denne begrunnelsen bygger på en uriktig rettsoppfatning. Integrerte maskiner har fra første stund, det vil si i mer enn 100 år, vært ansett som en del av den faste eiendom og har inngått i eiendomsskatten både for verk og bruk og for næringseiendom.

LVK kan heller ikke se at departementets begrunnelse om å fjerne uklare grensesnitt er holdbar. Når departementet i sine forslag introduserer begrepet «produksjonsutstyr

og –installasjoner» reiser dette med nødvendighet spørsmål om nye grensedragninger, hvor ny praksis må etableres til erstatning for den mer enn 100-årige foreliggende praksis.

Det er fra skattyter hold gitt inntrykk av at gjeldende regler om eiendomsskatt på verk og bruk er en særnorsk ordning. Det er ikke riktig. Som eksempel viser LVK til gjeldende regler i Sverige hvor integrerte maskiner og utstyr som i Norge er en del av skatteobjektet.

I debatten rundt høringsnotatet er det fra regjeringshold fremholdt behovet for skattelettelser for små og nyetablerte bedrifter. LVK har forståelse for at det blant slike bedrifter kan være behov for lettelser i eiendomsbeskatningen. Slike behov kan imidlertid imøtekommes med innføring av tilsvarende ordninger som i dag foreligger for boliger, med bunnfradrag eller skattefritak for nybygg. Det er LVKs syn at denne type endringer bør kunne gjennomføres ved mindre endringer i eiendomsskatteloven, samtidig hovedordningen med eiendomsskatt på verk og bruk videreføres. Tilsvarende vil gjelde nasjonale retningslinjer for verdsettelsen, som vil kunne gi skattyter og kommuner større forutsigbarhet.

Det er LVKs syn at verken inntektssystemet for kommunene eller den statlige selskapsskatten vil være egnede instrumenter for å gi kommunesektoren en kompensasjon for det betydelige inntektsbortfallet forslagene i høringsnotatet vil føre til. Inntektssystemet er et fordelingssystem kommuner mellom, og vil ikke kunne tilgodese bestemte kommuner for en bestemt andel av en lokal verdiskapning. Selskapsskatten utmåles på konsernnivå og kan vanskelig gi kommunene en reell andel av en lokal verdiskapning.

LVK ber regjeringen forkaste forslagene om at produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjoner ikke lenger skal inngå i skattegrunnlaget og avviklingen av begrepet verk og bruk.

LVK seier vidare om departementet sitt framlegg:

- Forslaga går vesentleg lenger enn Sundvolden-erklæringa
- Forslaga undergrev den kommunale skattleggingsretten og svekkar lokaldemokratiet
- Dei negative verknadene for kommunesektoren vil bli vesentleg høgare enn det som er lagt til grunn i høringsnotatet
- Forslaga gjev staten auka skatteinntekter på bekostning av kommunesektoren
- Forslaga vil gje store skatteletter til statseigde føretak og olje-, gass- og industriføretak
- Forslaga bryt med den samfunnskontrakt som er inngått mellom staten og vertskommunar for store infrastruktur- og energianlegg
- Forslaga byggjer på feil lovforståing og grunnlause påstander om forskjellsbehandling
- Egedomsskatt på maskinar og utstyr er ikkje ei særnorsk ordning.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Det er vanskeleg å seie nøyaktig kva skattetap departementet sitt framlegg vil påføre Gloppen kommune. Samla tar vi inn om lag 3,9 millionar årleg i egedomsskatt på verk og bruk, inkludert produksjonsutstyr og -installasjoner. Egedomsskattekontoret vårt meiner at om lag halvparten av dette går tapt med framlegget til departementet. Vi snakkar altså om eit inntektstap på opp mot 2 millionar i året.

Dette er inntekter som blir brukte til gode formål i den kommunale drifta. Eit bortfall av inntektene vil sjølv sagt føre til ytterlegare press på drifta vår.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen meiner KS og LVK i sine uttalar til departementet har gjort greie for dei uheldige sidene ved departementet sitt framlegg sett både frå kommunesektoren samla og frå den enkelte kommune sin ståstad.

Sjølv om mange kommunar vil tape vesentleg meir enn det Gloppen kommune kan bli utsett for, er det all grunn til å protestere både for eigen del og for å stille seg solidarisk med dei kommunane som taper vesentleg på dei føreslegne endringane.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommune v/formannskapet ber regjeringa legge vekk framlegget om at produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar ikkje lenger skal reknast med i skattegrunnlaget for eigedomsskatt og framlegget om å avvikle omgrepet vek og bruk som eigen kategori for eigedomsskatt.

Gloppen kommune viser til uttalane frå KS og LVK og sluttar seg til desse.

For Gloppen kommune sitt vedkomande vil departementet sitt endringsframlegg gje eit inntektsbortfall på opp mot 2 millionar kroner i året. Dette er vesentleg for ein kommune som strevar med balanse i drifta.

Dersom framlegga frå departementet likevel blir gjennomførte, legg Gloppen kommune til grunn at skattetauet til kommunane fullt og heilt blir kompensert utan at dette går ut over dei generelle inntektene til kommunane.

15.09.2015 FORMANNSKAPET

103/15 VEDTAK:

Gloppen kommune v/formannskapet ber regjeringa legge vekk framlegget om at produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar ikkje lenger skal reknast med i skattegrunnlaget for eigedomsskatt og framlegget om å avvikle omgrepet vek og bruk som eigen kategori for eigedomsskatt.

Gloppen kommune viser til uttalane frå KS og LVK og sluttar seg til desse.

For Gloppen kommune sitt vedkomande vil departementet sitt endringsframlegg gje eit inntektsbortfall på opp mot 2 millionar kroner i året. Dette er vesentleg for ein kommune som strevar med balanse i drifta.

Dersom framlegga frå departementet likevel blir gjennomførte, legg Gloppen kommune til grunn at skattetauet til kommunane fullt og heilt blir kompensert utan at dette går ut over dei generelle inntektene til kommunane.

Vedtaket vart gjort mot to røyster.

